

Søknad

| | | | | |
|----------------------|--|------------------|------|-----------------|
| Søknadsnr. | 2017-0151 | Søknadsår | 2017 | Arkivsak |
| Støtteordning | Regionale utviklingsprosjekt Hordaland | | | |
| | Søknad om stønad til Revitalisering og modernisering av Skipsbyggjarmuseet | | | |

Prosjektnavn Skaalurensamlinga

Kort beskrivelse

Søkjer om midlar til revitalisering og modernisering av Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga.

Prosjektbeskrivelse

Syner til vedlagt ideprosjekt

Kontaktopplysninger

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|----------------------|--|------------------------------------|----------|
| Søker / Prosjekteier | Kvinnherad kommune Org.nr:964967636 | Rosendalsvegen 10 5470 ROSENDAL | 97067136 |
| Kontakt-person | Linda Øen | Rosendalsvegen 10 5470 ROSENDAL | 97067136 |
| Prosjekt-leder | Linda Øen | Rosendalsvegen 10 5470 ROSENDAL | 97067136 |

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Kommunal eigenandel.

Kommunen er eigar og driftar. Det er sett av kommunal eigenandel. Dette er offentlege midlar men vert ikkje rekna som støtte.

Dei fleste fylkeskommunale ordningar for tilskot til utvikling av museum er forbeholdt dei konsoliderte musea. Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga er i Kommunal eige og drift, men ikkje ein del av det kosoliderte Sunnhordland museum (Vi samarbeidar tett me museet) På bakgrunn av dette er det ikkje søkt om midlar til dette prosjektet via kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga ligg i kaiområdet i Rosendal sentrum, lokalisert i ei autentisk sjøbod. Samlinga vart bygd opp av frivillige krefter og gitt som gåve til Kvinnherad kommune i 1991. Kvinnherad kommune har hatt overordna ansvar for drift av samlinga som har hatt opningstid i turistsesongen og elles etter avtale.

Samlinga er rik på gjenstandar knytt til treskipscopygging i perioden 1850-1950. Her finn ein alt ein treng for å byggje ei skute på «gamle» måten. 02. mai 2017 opna Folgefonnsenteret i Rosendal, eit flott senter med moderne utstilling knytt til tema vatn. Senteret er reist mellom 2 sjøbuer, der den eine husar skipsbyggjarmuseet. Det er felles inngang til dei 2 utstillingane.

Utstilling av samlinga framstår i dag som utdatert. Ei vandring gjennom utstillinga vil gje båtbyggjarentusiasten utbyte, medan turistar og born og unge i mindre grad går ut av utstillinga med ei kjensle av ny kunnskap og positive opplevingar. Vi må jobba med publikumsutvikling for å gjera samlinga relevant for ei utvida målgruppe. Etablering og driftssamarbeid med Folgefonnsenteret opnar mulighetene for Kvinnherad kommune til ei heilt ny satsing på Skaalurensamlinga, der mulighet for auke i tilgjengeleghet og opningstider er ein viktig del. I dag må museet bemannast med eigen museumsvakt for å gje besøkjande utbytte av besøket, samt sikring av samlinga. Det er derfor viktig å skapa ei utstilling som er meir driftseffektiv.

Prosjektmål

Det er ei målsetjing at Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga skal løftast til å bli eit attraktivt besøksmål, tufta på stadens kulturhistorie, for både besøkande og fastbuande i tråd med målsetjing i Hordaland fylkeskommune sin plan for attraktive senter i Hordaland

«Eit sentrum med kulturhistorisk bygningsmiljø fortel eiunik historie. Å vidareutvikle positive sær preg og identitet vil vere ein vinst både for innbyggjarar, næringsliv og reiseliv».

Forankring

Prosjektet med å fornya og vidareutvikla Skipsbyggjarmuseet Skaalurensamlinga er initiert frå og godt forankra i Kvinnherad kommune. Det er avsett pengar til prosjektet på kommunen sitt investeringsbudsjett.

Vidare er prosjektet godt forankra hjå samarbeidspartane våre: Interesselaget for Galeas Gurine, Kvinnherad kystlag, Folgefonnsenteret med turistinformasjon og Sunnhordland museum, som har delteke aktivt i arbeidet med idéprosjektet.

Prosjektorganisering

Prosjektet vert leia frå Kvinnherad kommune v/ Kulturkontoret. Det er sett saman ei resursgruppe med ulik kompetanse for faglege vurderingar og avgjersler undervegs i prosessen. Resurgruppa har bestått av

2 representantar frå Interesselaget for Galeas Gurine

1 Representant frå Sunnhordland museum

1 representant frå skulesektor i Kvinnherad kommune

1 representant frå givar av samlinga Skaalurenfamilien

1 representant frå Kvinnherad kystlag

1 representant frå Folgefonnsenteret/turistinformasjon

Resursgruppa vil vera representert også i det vidare arbeidet med utstillinga

Samarbeidspartnere

Interesselaget for Galeas Gurine

Sunnhordland museum

Folgefonnsenteret/turistinformasjon

Givarfamilien

Kvinnherad kystlag

Aktiviteter

Skulelevar: Utstillinga skal vere engasjerande og lett forståeleg for denne målgruppa.

Invitera til Eigne opplegg for ulike trinn i skulen:

Det er lagt opp til at elevane også skal ha muligkeit til ei praktisk tilnærming, og saman med Gurine kan vi laga flotte undervisningsopplegg.

Turistar: Utstillinga skal vere interessant og lærerik for turistar. Vi planlegg tett samarbeid med Gurine og dette gjer ein unik muligkeit for å formidla heile historien om treskipsbygging frå prosess til ferdig produkt. I tett samarbeid med Gurine kan vi tilby turistar ei heilskapleg oppleving knytt til treskipsbygging, både til vanns og til lands.

Trebåtentusiasten skal ha høve til å fordjupa seg i tematikken.

Store mengder arkiv, biletmateriale og skipsteikningar vil mellom anna verta tilgjengleg.

Interesselaget for galeas Gurine er i sluttfasen med å restaurera galeasen Gurine (systerskipet til Gjøa). I turistsesongen skal Gurine ligga til kai utanfor Skaalurensamlinga, og vil framstå som ein del av opplevinga. Vi planlegg tett samarbeid om formidling.

Målgrupper

Skulelevar

Turistar

Båtbyggjarentusiasten

Sjå elles vedlagt ideprosjekt

Resultat

Auka besök til museet og Rosendal frå skuleklassar i og utanfor Kvinnherad kommune.

Auka besök av turistar og auka opplevingsverdi for turistar som er på besök

Auka relevans som besøksmål for temareiser knytt til fartøybygging og kystkultur

Auka lengda på turistsesongen til Rosendal

Effekter

Stadsidentitet:

Å retta formidlinga mot born og unge og ha fokus på gode opplevingar i formidlinga er med å auka interessa for kulturarven og historien til staden der dei veks opp. Dette handlar om å skapa stolthet for røtene og identitetskjensle. Det er kjent at stadidentitet er ein av fleire viktige faktorar i arbeidet med befolkningsutvikling.

Omdømmebygging:

Rosendal er eit kjend turistmål med eit godt omdøme. Eit godt skipsbyggjarmuseum vil bidra til å styrkja tilbodet til besökande om skapa eit enda sterkare omdøme. I samarbeid med interesselaget for galeas Gurine kan vi skapa flotte opplevingar knytt til trebåtbygging, rett i hjartet av sentrum.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Framdrift er vedlagt. Prosjektet er ikkje fullfinansiert, framdriftsplanen er derfor skubba fram ti tid, som ført inn over.

Kostnadsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|-------------------------------------|----------------|------------------|------|------|------|------------------|
| Arbeid med utstilling | | 500 000 | | | | 500 000 |
| Idéprosjekt | 300 000 | | | | | 300 000 |
| Klargjering av lokal til utstilling | | 370 000 | | | | 370 000 |
| Ny utstilling | | 6 250 000 | | | | 6 250 000 |
| Prosjektleiing/prosjektering | 500 000 | | | | | 500 000 |
| Sum kostnad | 800 000 | 7 120 000 | | | | 7 920 000 |

Arbeid med utstilling er knytt til levering av fagleg innhald, bilder, film og gjenstander. Estimert 50% stilling over prosjektperioden på 1 år

Klargjering av lokal er dokumentert med prisoverslag knytt til dei endringar vi på dette tidspunktet veit må gjerast

Ny utstilling er knytt til kostnadsoverslag i ideprosjekt

Kostnader er inkl. mva

Finansieringsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|---|----------------|------------------|------------------|------|------|------------------|
| Dugnad - knytt til innhald | | 200 000 | | | | 200 000 |
| Eigenandel- stillingsresurs knytt til innhald | | 300 000 | | | | 300 000 |
| Kommunal eigenandel | 300 000 | | | | | 300 000 |
| Kommunale investingsmidlar | 500 000 | 500 000 | 4 000 000 | | | 5 000 000 |
| Regionale utviklingsprosjekt | | | | | | |
| Hordaland | | 2 120 000 | | | | 2 120 000 |
| Sum finansiering | 800 000 | 3 120 000 | 4 000 000 | | | 7 920 000 |

Vedlagt ligg Kvinnherad kommune sin Økonomiplan/investeringsplan 2018-2021. Her ligg Kommunale investeringsmidlar inne. Vedteke i formannskapet 08.06.2017, skal til endeleg behandling i Kommunestyre 22.06.2017

Dersom vi oppnår fullfinansiering før 2018, vil det vere mogleg å løyse ut 4 000 000 i kommunale investeringsmidlar før 2019 - sjølv om dei er avsett dette året

Geografi

1224-Kvinnherad

Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|---|--------------|------------|
| Behandling av økonomiplan i formannskap.pdf | 254 542 | 15.06.2017 |
| Folgefonnasenter - kostnadOmbygging.pdf | 193 903 | 14.06.2017 |
| Rosendal-ideskisse.pdf | 4 367 138 | 14.06.2017 |
| støttebrev - Folgefonnsenteret.pdf | 51 650 | 14.06.2017 |
| Støttebrev - Gurine.docx | 13 695 | 15.06.2017 |
| Støttebrev - Sunnhordland museum.pdf | 284 958 | 14.06.2017 |
| Økonomiplan.pdf | 230 384 | 14.06.2017 |